

Vi viser til mottatt nabovarsel i sak 18/1710 og har følgende merknader:

Vi stiller oss positive til løysinga som er skissert.

Vi er realistiske og ser at alternativet er at vegstrekket for mange år framover vert ståande akkurat slik det gjer i dag. I og med at kommune og fylke stadig nedprioriterer vegen er vi som bebuarar og brukarar av vegen tilsynelatande prisgitt at private initiativ gjev oss ein tryggare skuleveg.

Tiltaka som er nabovarsla oppfattar vi at vil gjere at ein vil få mykje betre oversikt på strekket og ulykkespunkta vil vere fjerna.

Vi ser også verdien av vekst i bygda vår. Kanskje vi ved utbetring av vegen som foreslått kan klare å få betre vekstgrunnlag så vi kan unngå nedlegging av nærbutikken. Andre lokale verksemder, ungdomslag, bygdelag og så vidare kan få betre grunnlag for drift. Ei slik utbetring av vegen vil i det store og heile kunne løfte tryggleiken og kvaliteten på nærområdet vårt.

Helsing

Berørte nye naboar med adresse Helleåsen:

Belma Misur

Sasa Misur

Eivind Ertesvåg

Ingeborg Elin Kvamme

Daniel Reknes

Cecilie Eikanger

Rune Eikanger

Heidi Styve

Inge Eikanger

(Bebuarane har signert via e-post)

Helleåsen, 16.11.2018